



Sandøy kommune



Nasjonalt legevaktnummer 116 117

Alle kommunar i Noreg har ei legevaktordning for øyeblikkeleg helsehjelp heile døgnet.

Når du ringjer 116 117, kjem du i kontakt med legevaktssentralen i området der du oppheld deg. Og legevaktssentralen kontaktar legevaktslegen.

Er det akutt og står om liv, ring 113.

Når du treng legehjelp: Kven skal du ringje?

Fastlegen din i opningstida

Legevakt 116 117 når fastlegen ikkje er tilgjengeleg og hjelpa ikkje kan vente

113 når det er akutt og står om liv

Fastlegen kan også gje hjelp raskt

Dersom du treng hjelp på dagtid, skal du først ringje fastlegen eller fastlegekontoret du høyrer til. Fastlegen vurderer kor mykje det hastar, og kan vanlegvis gje deg ein time same dag dersom situasjonen krev det. Du skal alltid kontakte fastlegen når det gjeld sjukemelding, fornying av resept og varige og kjende plager utan akutt forverring.

Slik kjem du i kontakt med legevakta

Ring det sekssifra nummeret 116 117 eller det lokale legevaktnummeret, for Sandøy: 71124000. Begge vert svart på døgnet rundt ved legevaktssentralen.

Hvis du treng å kome i kontakt med legevakta ein annan stad i landet enn der du oppheld deg, kan du bruke det lokale nummeret der. Sjekk kommunen si nettside eller nummeropplysningstenestene.

Dei fleste stader i landet er det forventa at du ringjer legevaktssentralen for vurdering for gjere avtale om oppmøte. Ofte kan gode råd på telefon vere nok.

For å kunne hjelpe deg på best mogeleg måte, treng legevakta opplysingar om personalia, adresse, kvifor du tek kontakt, tidlegare sjukdommar, og kva medisin du nyttar.

Organisering av legevakta

Når du ringjer det sekssifra nummeret 116 117 kjem du i kontakt med legevaktsentralen i området der du oppheld deg. Legevakta skal tilby hjelp til det som ikkje kan vente når fastlegekontoret ditt er stengt. Legevakta skal også hjelpe deg når du ikkje er i nærleiken av fastlegen din, for eksempel på ferie eller reise.

Legevakta i Noreg er ulikt organisert. I alle kommunar skal det alltid vera minst ein lege på vakt. Men, denne legen oppheld seg ikkje alltid i kommunen. Sandøy, Aukra og Midsund er eit felles legevaktsdistrikt. Det vil seie at kommunelegekontora er ansvarlege i opningstidene, elles er det *ein* legevaktslege for dei tre kommunane. Utanom opningstidene møtest pasient og lege på legekontor/ambulansebåt. Legevaktslegen kjem også heim til pasienten viss det er nødvendig, Når du bruker legevakttenester, skal du betale ein eigenandel.

Når skal du ringje 113

Ved ulukker og alvorlege hendingar der du treng akutt helsehjelp, skal du ringje 113. Har du eitt av desse symptoma skal du alltid kontakte medisinsk nødhjelp 113:

- Nye lammelsar i ansikt, arm eller underekstremitet
- Nytilkomne språkforstyringar, finn ikkje ord eller utydeleg tale
- Uforklarleg og plutselig ustø
- Om ein person er medvitslaus eller har nedsett medvit
- Brystsmerter i meir enn fem minutt
- Bruk av hjertemedisinen nitroglyserin gjev mindre effekt enn til vanleg
- Samtidig uventa ubehag i brystet, generell uvel og kvalme